

KONTROLLUTVALET I GISKE KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 25.05.2021 kl.13.00
Møtestad: Fjernmøte i Teams.

Møtet vart leia av Dag Oksnes.

Elles til stades: Asbjørn Furnes, Herman Rørvik Blindheim, Inger Johanne Sund og Sissel Anita Roald.

≡ 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal og rådgjevar Solveig Kvamme.

Frå kommunerevisjonen møtte oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram.

Frå administrasjonen i Giske kommune møtte kommunedirektør Marianne Stokkerei Aasen og økonomisjef Ann Kristin Thu.

Det var ingen merknader til innkallinga og sakslista blei godkjent.

Giske kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 10/21

Møtedato: 25. mai 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

GODKJENNING AV MØTEBOKA FRÅ 6. APRIL 2021

Sakspapir frå sekretariatet datert 18. mai 2021

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenne møteboka frå møtet 6. april 2021.

Giske kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 11/21

Møtedato: 25. mai 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

RAPPORT ETTER REVISJON 2020 VED OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR KATHRIN HARAM

Sakspapir frå sekretariatet datert 18. mai 2021

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek rapporten etter revisjon 2020 til vitande.

Giske kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 12/21

Møtedato: 25. mai 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

UTTALE OM ÅRSRAPPORT 2020 GISKE KOMMUNE (BÅDE ÅRSREKNESKAP OG KOMMUNEDIREKTØREN SIN ÅRSMELDING)

Sakspapir frå sekretariatet datert 18. mai 2021

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga uttalar kontrollutvalet følgande:

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga 2020 for Giske kommune.

Giske kontrollutval



Saksgang: kontrollutvalet
Saks nr.: 13/21

Møtedato: 25. mai 2021
Sakshandsamar: Bjørn Tømmerdal

FØRESPURNAD TIL GISKE KONTROLLUTVAL FRÅ JARLE JOHANSEN

Sakspapir frå sekretariatet datert 18. mai 2021

Det låg ikkje føre innstilling til vedtak frå sekretariatet.

Leiar Dag Oksnes fremma på vegne av kontrollutvalet følgande forslag til vedtak:

1. Giske kontrollutval avviser å behandle førespurnaden frå Jarle Johansen fordi dette ligg utanfor utvalet sitt mynde.
2. Kontrollutvalet er generelt opptatt av korleis kommunen svarer ut førespurnadar frå innbyggjarane sine. Utvalet ber om ei orientering om dette på neste møte.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Giske kontrollutval avviser å behandle førespurnaden frå Jarle Johansen fordi dette ligg utanfor utvalet sitt mynde.
2. Kontrollutvalet er generelt opptatt av korleis kommunen svarer ut førespurnadar frå innbyggjarane sine. Utvalet ber om ei orientering om dette på neste møte.

Møtet var slutt kl. 14.20

Dag Oksnes
leiar
(sign.)

Asbjørn Furnes
nestleiar
(sign.)

Herman R. Blindheim
medlem
(sign.)

Inger Johanne Sund
medlem
(sign.)

Sissel Anita Roald
medlem
(sign.)